



Katamaranen har ei "grunnflate" på 70 kvadratmeter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalsparet Mai-Lis og Christian Stensletten har vore alvorleg hekta på sjøliv og båt i mange år og satsa på det i staden for hytte.

Men no har dei bytta ut cabin cruisaren med ein seglbåt og ikkje berre det – dei har skaffa seg ein katamaran.

Den finst det truleg ikkje maken til på denne delen av Vestlandet.



Mai-Lis og Christian kosar seg i nybåten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter ein flott "hentetur" til Portsmouth i England slår dei fast at det har vore eit svært vellukka byte. Dei er svært imponert over båten, som dei tek sikte på å behalda i 10 år! Svenskekysten og Shetland står på segleprogrammet i 2009.

Ein katamaran er ein toskrogsbåt og han seglar stabilt utan krenking, understrekar Christian, som ber uskedalen.no gå om bord – direkte frå leilegheiten i Beinavikjø. Båten, som er døypt "M & C" etter eigarane, er 11,6 meter lang og 6,3 meter brei og har rommeleg med plass. I kvart av skroga er det to lugarar og dermed sengekapasitet for 8 personar.

Christian er medeigar i Auto 88 medan Mai-Lis for tida jobber ved Tess. Deira "båtliv" starta i 1993 med kjøp av ein 31 fot lang Comet Commander som dei hadde i 10 år og som dei var så langt som til Porsgrunn med. Deretter skifta dei til ein Viksund St.Cruz på 34 fot som nådde ein fart på 31 knop og tok familien til både Danmark og Trondheim.

- Men så hadde vi lyst til å prøva noko nytt, vi hadde ikkje lenger behov for så høg fart og tenkte på seglbåt, seier Mai-Lis og Christian. Poenget var berre at dei ville ha like god utsikt frå den nye båten som frå cabincruisaren og då var katamaran ei fristande løysing.

Dei dro til Ørsta og såg på ein Athena 38, ein bruktbåt av 1995-modell. Den fall dei for, men han vart seld før dei slo til. Dermed måtte dei søkja på nettet etter ein båt av samme merke og fann ein 2002-modell i Portsmouth.

For fem veker sidan gjekk ferda til byen ved den engelske kanal. Etter 5 timars opplæring i kunsten å segla starta turen mot nord og med Tatiana, Sindre, Karl, Even og Marianne som skiftande mannskap. I kanalen bles det opptil 30 knop, men både båt og mannskap tedde seg profesjonelt og etter 22 timar nådde dei Oostende i Belgia.

I Nederland var dei fem netter inkludert kanalferd til Leewarden i det indre av landet. Helgoland og Amrun i Tyskland var dei neste stoppestadane og på den sistnemnde staden tok dei det roleg medan stormen bles frå seg. Så vart det nonstopsegling i 53 timar til Tananger i Noreg. Autopiloten styrte og dei måtte ikkje ta rev i segla meir enn to gonger. Farten var oppe i 12 knop som er noko meir enn ein vanleg seglbåt. Til hjelp har katamaranen to motorar – kvar på 18 hester.

- Dei gode eigenskapane til ein katamaran gjorde at alle kjende seg trygge, konkluderer Mei-Lis og Christian. Dei slår også fast at å feriera i ein seglbåt framfor ein cabincruisar blir noko heilt anna.

Sjølve turen blir opplevinga, no gjeld det ikkje lenger å komma fort fra ein stad til ein annan.

- Hadde eg visst at det var slik, ville eg gjort dette for lenge sidan, seier Mai-Lis.

Når det gjeld kostnadssida er den slett ikkje avskrekkande: Paret fekk 1,3 millionar for gamlebåten medan dei

betalte 1,39 for den nye medrekna avgifter. Ny ville han kosta 2,5 millionar.

Av Ola Matti Mathisen



Mai-Lis og Christian har båten rett utanfor vindauga sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)